

Diskusjonsnotat - Prinsipp for særlagsstøtte

Bakgrunn

Dette notatet gjer greie for kor mykje direkte og indirekte støtte hovudlaget gir til særлага. Det er også sett opp nokre generelle prinsipp for særlagsstøtta.

Bakgrunnen er at årsmøtet har ytra ønskje om ei betre forståing av prinsippa for korleis særlagstilskot blir fastsett.

Om innhaldet i notatet

Dette notatet viser at det i 2022 er gitt 800.000 kr i direktetilskot til særлага, medan det er gitt 1.120.000 kr i indirekte tilskot, til saman 2.220.000 kr. Vi ser også at dei minste særлага får mest tilskot pr medlem.

Styret meiner at det ikkje er verken realistisk eller fornuftig å jamne ut tilskota totalt eller pr særlagsmedlem. Laget har fire hovudaktivitetar, og det er eit klart mål at vi skal halde fram med alle desse.

Vi må stille spørsmålet om kva som hadde skjedd om vi ikkje gav tilskot som i dag. Då ville det ikkje eksistert eit (nynorsk) amatørteatermiljø i Oslo. Det er svært få amatørteatergrupper i hovudstaden, sannsynlegvis fordi dei ikkje har tilgang til eit fornuftig spelelokale. Vi hadde ikkje hatt eit kor i hovudstaden som fokuserer på den nynorske songskatten. Leikarringen hadde kanskje vore innlemma i miljøet i Nordahl Bruns gt. 22, men LR har vist seg å fungere annleis og trekke til seg fleire yngre enn det som NB22 har klart. Medlemmane i IL hadde kanskje meldt overgang til andre idrettslag i Oslo, men mange hadde truleg ikkje fått plass, og igjen miljøet er annleis.

Måten vi fordeler særlagsstøtte på er ikkje nødvendigvis perfekt, men det sikrar at vi kan tilby rimelege aktivitetar innan fleire ulike aktivitetar i eit unikt miljø.

Det prinsippet vi har følgd for særlagstilskotet til no er at det skal vere med til å dekke instruktørhonorar i Leikarringen og Teaterlaget, dirigenthonorar i Songlaget og løn til dagleg leiar i Idrottslaget, men ikkje gi full kostnadsdekking. Tilskota er justerte med ujamne mellomrom, men i liten grad ut frå generell pris- og lønnsvekst, og særлага sine reelle utgifter. Den relative fordelinga mellom særлага er oppretthalde.

Generelle prinsipp

BUL har eit ansvar for å oppretthalde særlagsaktiviteten. Særлага bør få tilskot som gjer at dei kan drive aktiviteten på eit rimeleg nivå. Den relative fordelinga av den direkte støtta mellom særлага er truleg fornuftig, men det bør vurderast om denne bør aukast noko for å kompensere for høgare pris- og lønnsnivå.

Den indirekte støtta er stor for alle lag, men denne kan bli meir presis ved at lagskontoret i større grad hjelper særлага med administrative oppgåver, tilrettelegging, rekruttering og marknadsføring.

Forslag til generelle prinsipp

- Laget har eit særskilt historisk og kulturelt ansvar for å oppretthalde aktivitetane vi driv i dag
- Direkte særlagstilskot skal gå til lønns-/honorarutgifter
- Særлага ikkje kan forvente full dekking av all lønn eller honorar
- Tilskota må ha samanheng med totaløkonomien i laget
- Særlagsstøtta tek utgangspunkt i eigenarten til særлага og ikkje medlemstal
- Over tid bør særlagstilskota regulerast i rimeleg takt med den generelle lønns- og prisauken i samfunnet

Meir om generelle prinsipp

Det er ikkje uvanleg for ungdomslag å ha stor breidde i aktiviteten, men det er få lag som har klart å oppretthalde dei same aktivitetane så å seie kontinuerleg i 125 år. Det at idretten framleis er med er meir eit unntak enn regelen. BUL er eit ganske unikt lag, der medlemmane potensielt kan drive fleire typar aktivitetar i ulike fasar av livet. Det gjer laget til ein generasjonsorganisasjon, og vi har aktivitetar som få/ingen andre tilbyr eller tar ansvar for. BUL har difor eit ansvar for å ta vare på desse aktivitetane, den immaterielle kulturarven.

- Laget har eit særskilt historisk og kulturelt ansvar for å oppretthalde aktivitetane vi driv i dag.

Medlemsaktiviteten er grunnpilaren i BUL sin aktivitet, og ein av grunnane til at vi har overlevd i snart 125 år er truleg at vi har sørga for stabilitet gjennom tilgang til lokale og tilskot til aktivitetane. Med faste tilskot er det enklare å planlegge aktivitet og det blir lettare å drive aktiviteten med frivillig innsats.

Lønn/honorar er altså grunnlaget for å drifte aktiviteten, og då er det rimeleg at prinsippet for tildeling nettopp er tilskot til lønn og honorar.

- Direkte særlagstilskot skal gå til lønns-/honorarutgifter

Særлага bestemmer sjølv aktivitetsnivå og kor mykje dei vil betale. I drifta må det difor også vere element og incentiv til å drive økonomisk og effektivt og skaffe eksterne inntekter. Særлага kan ikkje inngå avtalar som bind hovudlaget på nokon måte, utan at hovudlaget er med på å bestemme lønns- og honorarnivået. Avtalar som har slike bindingar må avviklast.

- Særлага ikkje kan forvente full dekking av all lønn og honorar.

Laget får først og fremst inntekter frå rente og aksjeutbytte frå BHAS. I tillegg kjem eksterne leigeinntekter, medlemspengar og ulike tilskot. Laget har ansvar for tilsette og drift og vedlikehald og hus og hytter. Det hovudlaget brukar på særлага er difor ikkje berre knytt til direkte pengeoverføring, men også til indirekte støtte gjennom tilgang til gratis lokale, tilgang til ulike system og tenester frå dei tilsette. Kor mykje laget skal bruke på medlemmane handlar om totaløkonomien i laget.

→ Tilskota må ha samanheng med totaløkonomien i laget. 0

Særlagsaktiviteten er ulik. Tre særlag har øvingar i Teatersalen. IL er primært på Bislett Stadion. Det krev mindre utstyr for å gjennomføre ei leikarringsøving enn det er å setje opp ei teaterframsyning. Enkelte særlag har ei naturleg avgrensing i kor mange dei kan vere for at det skal kunne fungere. Teaterstykke har eit visst tal roller, eit kor kan ikkje verken vere for stort eller for lite. Det er enklare for IL å opprette ei ekstra gruppe enn det er for Songlaget å lage eit ekstra kor. IL har eit større inntekspotensiale gjennom Sentrumsløpet, enn det er mogleg å få publikumsinntekter gjennom konsertar og teaterframsyningar. Det er difor ikkje eit direkte samsvar mellom tal på medlemmer og tilskot.

→ Særlagsstøtta tek utgangspunkt i eigenarten til særлага og ikkje medlemstal

Spesielt den siste tida har vi opplevd sterk auke i prisar og lønningar. Dette påverkar også kostnadane til drifta til laget og særлага. Dersom særlagstilskota ikkje blir regulert, vil det over tid bety at særlag må redusere aktiviteten eller skaffe andre inntektskjelder.

→ Over tid bør særlagstilskota regulerast i rimeleg takt med den generelle lønns- og prisauken i samfunnet.

Kor mykje pengar brukar laget på medlemmane?

I det følgjande viser vi ein del utrekningar for kor mykje særлага får i direkte og indirekte støtte.

Direkte tilskot

Direkte tilskot etter medlemstal

Særslag	Andel medlemmar ¹	Særslagstilskot	Andel av direktetilskot
Idrottslaget	68,8%	500 000	62,5%
Leikarringen	22,9%	100 000	12,5%
Songlaget	4,8%	110 000	13,6%
Teaterlaget	3,5%	90 000	11,3%
Sum	100,0%	800 000	100,0%

Målt på denne måten så får IL om lag det som svarer til medlemstalet, LR får medan vesentleg mindre, medan dei andre får mykje meir.

Om totalbeløpet skulle vore delt etter relativ andel medlemmar ville vi fått denne fordelinga:

Særslag	Andel medlemmar	Særslagstilskot
Idrottslaget	68,8%	550 400
Leikarringen	22,9%	183 200
Songlaget	4,8%	38 400
Teaterlaget	3,5%	28 000
Sum	100,0%	800 000

IL ville fått eit noko høgare tilskot, medan LR ville kome særsgodt ut av det, med ein auke på om lag 80%. SOL og TL ville kome særsg dårleg ut av ei slik fordeling.

Direkte tilskot pr medlem

Særslag	Tal på medlemmar	Særslagstilskot	Tilskot pr medlem
Idrottslaget	458	500 000	1 092
Leikarringen	152	100 000	658
Songlaget	32	110 000	3 438
Teaterlaget	23	90 000	3 913
Sum	665	800 000	1 203

SOL og TL får størst tilskot pr medlem, medan LR får minst.

Om IL fekk like mykje pr medlem som Teaterlaget, ville totalt tilskot vore på 1,7 mill. kr. Om Teaterlaget fekk same beløp som IL, ville totalt tilskot vore på 25 000 kr.

¹ Her ser vi berre på medlemmer i særslag. Det er 49 medlemmer som ikkje er med i særslag.

Indirekte tilskot

I tillegg til direkte tilskot gir hovudlaget støtte på følgjande måte:

- Administrasjon som yter tenester/service
- Tilgang til teknisk ansvarleg i samband med arrangement og bruk av lagslokala
- Gratis bruk av lagslokala (Teatersalen, lagsrommet, møterom og lager).
- Felles medlemsystem
- Felles økonomisystem, rekneskapsføring og revisjon (IL betaler for seg)
- Felles kontorsystem – Office 365
- Nøkkeladministrasjon
- Forsikring
- Tilgang til skrivar og papir
- Ev. prosjekttilskot

Her følgjer ei liste med indirekte støtte til særлага. Dette er ikkje ei fullstendig opplisting.

Idrottslaget:

Gratis kontor til dei tilsette

Gratis bruk av Teatersalen og lagsrommet under Sentrumsløpet, om lag 8 dagar, med diverse anna bruk, totalt om lag 10 dagar.

Hovudlaget dekker forsikringsordningar og pensjon for dei tilsette.

Leikarringen:

Gratis bruk av lagslokala i samband med ordinære øvingar på tysdagar og onsdagar, og ev. 1–2 helger i året for leikfestar eller liknande. Totalt om lag 40 dagar².

Songlaget:

Gratis bruk av lagslokala i samband med ordinære øvingar på torsdagar, 1–2 helger for seminar, og konsert. Totalt om lag 45 dagar.

Teaterlaget:

Gratis bruk av lagslokala i samband med ordinære øvingar på måndagar, 2 helger for øvingar pr år, om lag 10 speledagar pr år. Størst nytte av sceneteknisk utstyr. Totalt om lag 55 dagar.

Verdien av indirekte tilskot er vanskeleg å fastsette.

- alternativ bruk av lokala er rein kommersiell utleige, men då eksisterer ikkje aktiviteten
- så lenge vi driv laget vil vi ha ein administrasjon og må ha system knytt til dette, så det er ikkje logisk å legge alle kostnader over på særлага

² 40 øvingsveker i året. Om det er helgeøvingar og arrangement kjem dette i tillegg.

Om vi som ei teoretisk utrekning seier at «prisen» på ein dags bruk av Teatersalen/lagsrommet er 5 000 kr, og at IL sine kontorlokale ville gitt eit husleigeinntekt på 120 000³ kr, så «subsidiierer» hovudlaget særлага slik:

Særlag	Bruksdagar	Subsidiert husleige
Idrottslaget	10	170 000
Leikarringen	40	200 000
Songlaget	45	225 000
Teaterlaget	55	275 000
Sum	150	850 000

Laget brukar om lag 1 mill. kr pr år til drift av Teatersalen, lagsrommet og kontoret (husleige, straum, varme, reinhald).

Hovudlaget brukar om lag 400 000 kr på revisjon og rekneskap pr år og om lag 300 000 kr på kontordrift, totalt 700 000 kr pr år. Om vi seier at halvparten av dette kjem pga. medlemsaktivitet, altså 350 000 kr, og vi fordeler dette likt, så blir det 87 500 kr pr særlag. Det er for høgt for IL, sidan dei betaler rekneskap og revisjon sjølv, men så har vi truleg undervurdert kostnader som t.d. forsikring, støtte frå lagskontoret i samband med Sentrumsløpet og andre indirekte kostadar som ikkje er tatt med i reknestykket.

³ Basert på husleiga DMS betaler for sitt kontor.

Direkte og indirekte støtte

Om vi summerer opp direkte og indirekte støtte, så kjem vi til følgjande:

Særlag	Medlemmar 2022	Direkte særlagstilskot	Indirekte tilskot	Totalt tilskot	Tilskot pr medlem
Idrottslaget	458	500 000	257 500	757 500	1 653
Leikarringen	152	100 000	287 500	387 500	2 549
Songlaget	32	110 000	312 500	422 500	13 828
Teaterlaget	23	90 000	362 500	452 500	19 674
Sum	665	800 000	1 220 000	2 220 000	3 338

Kommentar til utrekningane

IL får mindre både direkte og indirekte støtte pr medlem enn dei små laga, og dei får mindre enn den relative andelen av medlemmar. Dei minste særlaga får ganske mykje tilskot pr medlem både direkte og indirekte.

Ei utrekning per medlem er ikkje nødvendigvis eit godt mål på korleis BUL skal prioritere, men det er eit god mål for å vise at laget er villig til å bruke pengar på å oppretthalde aktivitet som ingen andre driv med. Det kan også vere ein måte å synleggjere for folk utanfor BUL kva det kostar å drive aktivitetar, og eit element i søknadar om ekstern støtte.

Internt i laget må det vere rom for ein diskusjon om kor mykje pengar vi skal bruke på medlemmane. Men den bør ta utgangspunkt i at vi skal oppretthalde dei særlaga vi har, og at dei er ulike og unike. Då kan det ikkje vere eit rimeleg mål at særlaga skal få like mykje eller like mykje pr medlem. Dei må ha eit tilskot som gjer det mogleg å ha ein aktivitet på eit rimeleg nivå.

Det totale direkte tilskotet, og den relative fordelinga mellom særlaga er ikkje så urimeleg. Det er på eit nivå der det er mogleg å leige instruktørar og ha dagleg leiar i IL, samtidig som nokre av kostnadane må dekkast av særlaget sjølv.

Det som kan vurderast er om tilskota er i rimeleg samsvar med den generelle lønnsutviklinga. Støtta har stått stille i ganske mange år, så i realiteten har dette gått ned over mange år.

For lagsstyret

Terje Svindseth

Leiar BUL

12. mars 2023